

Vestnes sogelag

Årsmelding 2022 frå skriftstyret

Desse vart på årsmøtet 2022 valde til skriftstyret: Martinus Løvik (kontaktperson), Einar Baltzersen, Petter Inge Bergheim.

På grunn av sjukdom fekk Martinus Løvik fritak frå vervet som leiar/redaktør, og Per Bjørn Ellingseter gjekk inn som vikar. Martinus deltok likevel aktivt i arbeidet med årsskriftet som forfattar av fleire artiklar, og med konstruktive innspel til redaksjonsarbeidet via e-post.

Tove Eikrem deltok også dette året som «assosiert medlem» i skriftstyret. Ho har gjort eit grundig og samvitsfullt arbeid med korrekturlesing, og har også hatt mange gode og viktige innspel til sjølve redaksjonsarbeidet. Stor takk til henne!

Skriftstyret har hatt 10 møte i samband med redaksjonsarbeidet for Årsskrift 2022.

Det meste av stoffet var klart då skriftstyret tok til med redaksjonsarbeidet for Årsskrift 2022.

Alle tidlegare årgangar av årsskriftet har hatt framsidebilde i fargar, ofte med motiv frå landskap i kommunen. Denne tradisjonen vart broten med dette årsskriftet. Framsida vart pryda av eit svart/kvittbilde av galeas «Søblomsten», som no er blitt eit restaureringsprosjekt for Båtbyggarmuseet i Vestnes. Edmund Melkild gjorde eit godt arbeid med fotobehandling av det gamle bildet.

Boka vart denne gongen på 236 sider, omlag som dei siste åra før. Også dette året vart det lite stoff frå bygdene Rekdal, Fiksdal, Daugstad og Vike. For Fiksdalen vart dette noko på veg kompensert ved at vi fekk bruke mange bilde frå Fiksdal vel sitt arkiv til «utfyllingsbilde». Stor takk til Vebjørn Fiksdal for det!

Boka har 25 større og mindre artiklar, skrivne av 16 ulike forfattarar, 11 menn og 5 kvinner.

Vestnesavisa var også dette året forleggar for boka. Grafisk formgjevar var Stina Hormazabal. Ho gjorde eit godt arbeid, og var grei å samarbeide med. Boka vart også dette året prenta i eit opplag på 700.

Årsskrift 2022 vart lansert på Vestnes bibliotek 16. november 2022. Per Bjørn Ellingseter orienterte om arbeidet med boka, og om innhaldet. Bidragsytarane Einar Baltzersen (v/ Per Bjørn), Robert Vik, Kaare Lervik og Morten Øveraas fortalde om artiklane sine. Etter presentasjonen fekk boka brei og god omtale i lokalavisene.

Same kvelden var det pakking av bøker til innanbygds medlemmar, og bøkene vart så distribuerte til medlemmane på dugnad. Dei ca. 50 medlemmane med adresse utanfor kommunen fekk som vanleg bøkene sine fritt tilsendt i posten.

14. desember 2022 var det lokalhistoriedag for Romsdal på Krona, Romsdalsmuseet. Einar Baltzersen og Per Bjørn Ellingseter representerte Vestnes sogelag, og presenterte innhaldet i årsskriftet i korte innlegg.

Heile det sitjande skriftstyret går no av, og vi vonar at valnemnda vil lykkast i å få nye krefter til å ta over. Årsskriftet er for mange sogelaget sitt «ansikt utad», og det er viktig å halde oppe kontinuiteten i dette viktige arbeidet.

Skriftstyret 2022 takkar for seg, og ønsker det nye skriftstyret lykke til med årsskrift 2023!

Per Bjørn Ellingseter (red.)

Einar Baltzersen

Petter Inge Bergheim

Martinus Løvik